



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 2

Juni 2019

62. årgang



**Gudsteneste/pinsevandring på Tusenårsstaden Gulatinget første pinsedag
(foto: Ingrid H. Haveland)**

REDAKSJON: Anne R. Tveit, tlf.
48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966
Eivindvik anne.ryssdal.tveit@eninvest.net

KORREKTUR: Marit Sandal, 5966
Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

BANKGIROKONTO: 3817 15 51282
Kontingenten er fri.

TRYKKERI: Norengros, 3701 Skien
SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN: Jens Linde,
5966 Eivindvik. Tlf. 97509035
jens.linde@gulen.kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Trude Brosvik,
5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389
post@gulen.kyrkja.no Kontor:Ikkje onsd.

KONTORPERSONALE:
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og
fredag kl.08.00-12.00.

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,
5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

SOKNERÅD/FELLESRÅD:
Gulen sokn: Maike Norman Bøe. Tlf.
95349801. maikenorman@hotmail.com
Brekke sokn: Cathrine Waage Tveit. Tlf.
91759076. cawaatvteit@hotmail.com
Mjømna sokn: Bente Haugen. Tlf.
99264861. bente.haugen59@gmail.com

Fellesråd: Målfrid Undertun. Tlf.
41610983. malfrid.undertun@eninvest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: Er du på Facebook, kan
du gå inn på gruppa «Kyrkja i Gulen» og
«like» sida vår. Her legg vi ut informasjon
fortløpende om ting som skjer i sokna, for
eksempel om endringar som er komne til
etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkje-
kontoret er redaktør for både heimesida
og facebooksida.

Redaksjonen

Det er val på sokneråd og bispe-
dømmeråd i haust, og i dette bladet
finn du ein god del valstoff. Så har vi
foto av konfirmantane, i tillegg til
mykke anna interessant.
God lesing, og god sommar!
Neste nummer kjem etter valet i
september. **Innleveringsfrist: 10.09.**

Sommarvikarprest



Teologistudent Eirik Baug Barsnes (til venstre på bildet) skal vere sommar-
vikarprest i Gulen i juli. Tidlegare i år
hadde han og ein studiekamerat prak-
sis i Nordkapp kommune (foto). Eirik
Baug Barsnes er frå Hellevik i Fjaler,
og skal bu i prestebustaden i Eivind-
vik den tida han er vikar.

Vi ønskjer han velkommen til Gulen, og
håpar han får ei fin tid her.

Pinsegudstenesta på Tusenårsstaden

SKAPARVERKET var tema då vi
samla oss til pinsefeiring på Tusenårs-
staden Gulatinget. Det er blitt årvisss
tradisjon at pinsegudstenesta i Gulen

er på Gulatinget. I år var gudstenesta lagt opp som ei vandring i naturen.
Sokneprest Geir Sørebø leia vandringa, saman med klokkar Aage O. Sandal og forsongarar.



Gudstenesta starta i Grindabygget, der det var dåp. Dåpsbarnet var Samuel Halbrend Kvernøy.



Det var 6 stasjonar på vandringa, der vi gjennom refleksjon, bøn og salmar var innom ulike tema.

Stasjon 1:

Tema: «Vandringa gjennom livet er ei vandring gjennom naturen.»
Tekst: *Sjå på liljene på marka, korleis dei veks! Dei arbeider og spinn ikkje,*

men eg seier dykk: Ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei (Matt 6,28f)



Stasjon 2:

Tema: «Guds skaparverk er livskraftig, men sårbart.»

Tekst: Gud sa: *Jorda skal bli grøn! Grøne vekstar skal gro på jorda, planter som set frø, og frukttrær som ber frukt med frø i, av alle slag.*

Og slik vart det. *Jorda bar fram grøne vekstar, planter som set frø, av alle slag, og tre som ber frukt med frø i, av alle slag. Og Gud såg at det var godt* (1 Mos 1, 11-12)

Stasjon 3:

Tema: « Skaparverket er alltid i fornying og utvikling.»

Tekst: *Du sender din Ande, og liv vert skapt, heile jordflata nyar du opp att* (Sal 104,30)

Stasjon 4:

Tema: «Gud vernar og styrkjer det livet han har skapt.»

Tekst: *Om eg så går i dødsskuggens dal, er eg ikkje redd for noko vondt. For du er med meg. Din kjøpp og din stav, dei trøystar meg.* (Sal 23,4)

Stasjon 5:

Tema: « Kristus forløyser skaparverket.»

Tekst: *Og Ordet vart menneske og tok*

bustad mellom oss. Og vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning. (Joh 1,14)



Stasjon 6:

Tema: «Anden gjev skaparverket nytt liv.»

Tekst: *Då pinsedagen kom, var alle samla på éin stad. Brått lét det frå himmelen som når ein sterk vind blæs, og lyden fylte heile huset dei sat i. Tunger, liksom av eld, synte seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei. Då vart dei alle fylte av Den heilage Ande og tok til å tala på andre språk etter som Anden gav dei å forkynna (Apg 2, 1-4)*



Etter vandringa serverte soknerådet i Gulen nydeleg kyrkjekaffi.

Tekst: Trude. Foto: Ingrid

Felles sokneråd for sokna i Gulen

Sokneråda har bestemt, og Kyrkjerådet har godkjent, at vi frå hausten skal ha ei prøveordning med eitt felles sokneråd i Gulen:

Gulen kyrkjelege råd.

Rådet vil bli sett saman av dei to frå kvart sokn som får flest stemmer, og ein prest, utpeika av prosten. I saker som fellesrådet har ansvaret for, vil kommunen også ha ein representant i rådet.



Det er både soknerådsval og val til bispedømerådet i haust. Begge vala er samstundes med kommune- og fylkestingsvalet 9. september.

Soknerådsvalet:

I år er det ei ny ordning for soknerådsvalet, fordi vi berre skal ha eitt *Gulen kyrkjeråd* dei neste fire åra. Det betyr at dei to som får flest stemmer frå kvart sokn, blir medlemmer i rådet. Dei tre neste blir varamedlemmer. Dei som ikkje blir valde inn i Gulen kyrkjeråd, vil vere i det lokale soknerådet, med dei oppgåvane som framleis vil ligge til dette rådet.

Bispedømerådsvalet:

Dei som blir medlemmer i bispe-

dømerådet, vil også vere medlemmer i Kyrkjemøtet, som er det høgaste organet i Den norske Kyrkja.
I år er det for første gong tre lister å velje mellom på bispedømerådsvalet.



Kunngjering av listene til soknerådsvalet:

Valliste for Gulen sokneråd 2019-2023:

- 1: Åse Haugen 1968
- 2: Asbjørn Karl Neverdal 1945
- 3: Anita Vevang Nilsen 1965
- 4: Elin Systad Lihaug 1974
- 5: Haldis Steine 1954
- 6: Eirik Halsnes 1984
- 7: Kjersti Utvær Nordgulen 1963
- 8: Judith Avril Adams f. 1953

Valliste for Brekke sokneråd 2019-2023:

- 1: Olaug T. Evensen 1956
- 2: Kåre Sigurd Krakhella 1953
- 3: Berit Tveit Solheim 1967
- 4: Jan Even Østerbø 1969
- 5: Grethe Brekken Oppedal 1972

- 6: Marit Sætre 1955
- 7: Einar Takle 1973
- 8: Synnøve Bjordal Giil 1990
- 9: Herfinn Takle 1951

Valliste for Mjømna sokneråd 2019-2023:

- 1: Anne Kristine Evjenth Ytreøy 1955
- 2: Mina Catrin Dahl Andreassen 1988
- 3: Sølvi-Ann Oddekalv 1958
- 4: Arve Mjømen 1954
- 5: Bente Iren Haugen 1959
- 6: Gunnlaug Oddny Birknes 1951
- 7: Heidi Rosseland 1965
- 8: Erone Oddrun Wilberg 1956

Førehandsrøysting

Kyrkjekontoret:

Torsdagane 15.08., 22.08., 29.08. og 05.09., kl. 13.00-15.00.

Fredagane 16.08., 23.08. og 30.08., kl. 09.00-12.00.

Brekke bu- og omsorgssenter:

Laurdag 31.08., kl. 10.00-13.00.

Byrknes bu- og omsorgssenter:

Laurdag 31.08., kl. 10.00-13.00.

Eivindvik bu- og omsorgssenter:

Laurdag 31.08., kl. 10.00-13.00.

Dalsøyra bu- og omsorgssenter:

Laurdag 31.08., kl. 10.00-13.00.

Vallokala på valldagen

På valldagen 09.09.19 vil vallokala vere i nærleiken av dei kommunale vallokala på Brekke, Byrknes, Dalsøyra og Eivindvik, og opne frå kl. 10.00-18.00.



Bispedømerådsvalet 2019

Valrådet i Bjørgvin har motteke og godkjent tre lister til valet av sju leke medlemer til bispedømeråd ved kyrkjevalet 9. september.

For første gong blir det altså forholds-talsval med fleire lister i Bjørgvin.

Dei tre listene er, i alfabetisk rekjkjefølgje:

- Bønnelista
- Nominasjonskomiteen si liste
- Open folkekyrkje si liste

I tillegg til dei sju leke medlemene skal det veljast eitt medlem av og blant prestane, og eitt medlem av og blant andre (lek) tilsette i kyrkja.

Desse to veljargrupsene har sine eigne lister.

Kunngjering av listene til bispedømerådsvalet

Listeforslag Bønnelista:

1. Stein Oltedal, Naustdal, 1952
2. Solaug Anita Apelthun Sæle, Fjell, 1951
3. John Eivind Warvik, Ortnevik, 1994
4. Anne Kristine Torvik Christiansen, Fjell, 1954
5. Øyvind Skartveit, Tysnes, 1992
6. Magdalena Steinhovden, Naustdal, 1947
7. Stig Bruun, Rådal, 1968
8. Jan Frank Leirkar Christiansen, Fjell, 1952
9. Anna Helena Bruun, Rådal, 1974

10. Andreas Skjelde, Slettebakken, 1993

Listeforslag Nominasjonskomiteen si liste:

1. Vemund Atle Øiestad, Nordsida i Nordfjord, 1948
2. Turid Fjose, Voss, 1969
3. Per Hilleren, Stedje, 1959
4. Mali Smemo Hjemdal, Etne, 1973
5. Gerhard August Hansen, Os, 1951
6. Daniel Kydland, Knarvik, 1997
7. Madli Kvamme Hannisdal, Osterøy, 1950
8. Leif Steinar Alfsvåg, Stord, 1959
9. Harald Berge Breistein, Åsane, 1956
10. Arve Kjell Uthaug, Frekhaug, 1967
11. Kristian Slettebø, Bergen, 1989
12. Liv Oddlaug Skaaheim, Førde, 1948
13. Ingrid Grimstad, Stord, 2000

Listeforslag Open folkekyrkje:

1. Karl Johan Kirkebø, Bergen, 1950
2. Nora Sætre Baartvedt, Voss, 1994
3. Runar Larsen, Sveio, 1997
4. Line Berggreen Jacobsen, Bergen, 1986
5. Oddny Irene Miljeteig, Bergen, 1954
6. Eiel Holten, Bergen, 1968
7. Åse Kongsvik, Leikanger, 1962
8. Erik Torp Nilssen, Førde, 1947
9. Toril Jørgensen Frøise, Askøy, 1972
10. Håkon Glatved-Prahl, Alversund, 1956
11. Marit Melvær Berge, Florø, 1952

12. Christian Emil Haugen, Bergen, 1990.
13. Therese Nesse Mokkelbost, Bergen, 1973
14. Ann Elisabeth Tveit, Bergen, 1972

Stemmetillegg

Nomineringsgruppene Bønnelista og Open folkekyrkje har gitt stemmetillegg til sine to øvste kandidatar. Det betyr at desse får eit stemmetillegg i sitt personlege stemmetal på 25 % av det talet stemmesetlar lista mottar i valet. For nominasjonskomiteen si liste er det ikkje høve til å gje slike stemmetillegg.

Forholdstalsval

Dette er eit forholdstalsval, der den endelege samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidatar. I tillegg kan dei flytte over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på.

Bli kjend med kandidatane!

Sidan det er tre ulike lister til bispedømerådet, så er det viktig å gjere seg kjend med kva dei ulike listene står for.

Nominasjonskomiteen si liste er samansett av folk som har ulike meininger om kyrkjepolitiske saker, og representerer breidda i kyrkja. **Bønnelista** står i utgangspunktet for ein meir konservativ teologi.

Open folkekyrkje står for ein meir liberal teologi.

Alle kandidatane blir etter kvart presenterte på www.kirkevalget.no og www.kyrkja.no/bjorgvin, med bilde, namn og personalia. Dei leke kandidatane sitt syn på aktuelle spørsmål blir presentert på den enkelte lista.

Listeforslag for prestar og lek kyrkjeleg tilsette

I eigne val i perioden 15. juni-9. september skal prestane velje ein prest som blir medlem i bispedømerådet. Dei andre kyrkjeleg tilsette i Bjørgvin bispedøme skal òg velje sin representant til rådet i same perioden.



Open kyrkje

Gulen kyrkje i Eivindvik blir også i sommar open for besökande. Kyrkja er open frå kl. 10.00 til 18.00 kvar dag i skuleferien. Opninga og tilsynet med kyrkja føregår på dugnad, og det er ikkje vakter til stades heile tida. Difor er det dessverre ikkje høve til å tenne lys.

Kyrkjeverja/soknerådet

Informasjon frå misjonsarbeidet i Mali

Ein lokal biblekseget

Ein viktig del av misjonsarbeidet i Mali er å omsetja Bibelen til fulani. Dei første misjonærane som kom, på midten av 80-talet, hadde berre delar av Markusevangeliet tilgjengeleg. Om lag 20 år seinare var heile Det Nye Testamentet ferdig omsett. Sidan den gong har nye arbeidrar kome til, og dei har jobba med Det Gamle Testamentet.

No er ein del bøker frå GT omsette til fulani, men det er framleis mykje att å gjera.

Anne Lise Matre frå NMS var med å omsetja NT. Etter ein pause på nokre år, er ho igjen med i omsetjarteamet, denne gangen for å omsetja GT. Akkurat no er det ein pause i omsetjingsarbeidet. Årsaka til det er at MELM ønskjer å utdanna den lokale medarbeidaren, Moussa Sankare, for å styrka arbeidet på sikt.

Moussa Sankare er Anne Lise Matre sin nærmeste medarbeidar. Han studerer i år hebraisk og gammaltestamentleg eksegese på FATMES, eit teologisk fakultet i Bamako, som NMS er med å støtta. I tillegg studerer han engelsk, samt at han skal prøva å ta gymnas-eksamen i løpet av to år.

Moussa Sankare gjekk aldri på skule som barn, men lærte å lesa av nokre misjonærar i heimlandsbyen Konza. Som ung gut hadde han ofte ei bok med seg medan han var ute og gjætte.

Medan dyra beita, lærte Moussa å lesa. Han les heilt flytande, betre enn mange som har gått på skule heile sitt liv. Etter kvart fekk han også kristen opplæring, og har gått to år på bibel-skule. No har han vore tilsett i 3 år som medarbeidar i bibelomsetjings-arbeidet, og erfaringane med arbeidet hans er udelt gode. Moussa er både intelligent og kunnskapstørst, i tillegg til at han er flink i fulani og ønskjer at omsetjinga skal vera vakker språkleg sett. Me trur me har funne den rette personen til å vera med å gjera ferdig omsetjinga av Det Gamle Testamentet til fulani, og ønskjer difor å utdanna han til å kunna gjera ein best mogeleg jobb i framtida.

Takk for at de er med å be for Moussa Sankare og familien, og for studiane hans!

Frode Brügger Sætre

Vedlikehald på grav-plassane

Det same skjer kvart år; våren og graset kjem mykje fortare enn vi har mannskap til å halde det nede. Og det kan opplevast som ustelt. Men vi gjer så godt vi kan ut frå dei ressursane vi har, og stort sett har vi klart å halde tritt med veksten. Så får eg melding om at det er trøng for større vedlikehald somme stader. Det tek vi med oss i dei prioriteringane fellesrådet må gjere. No kjem sommarvikarane. Ta godt imot dei ungdomane som skal jobbe på gravplassane våre!

Dugnad på kyrkje-gardane

Alle sokneråda arrangerer dugnad på kyrkje og gravplass om våren, før konfirmasjonane. Det er mykje som treng å gjerast, både vasking og raking. Her er nokre bilete frå abeidet. I Brekke var dei så onnige med arbeidet at dei gløymde å ta biletet! På Oppedal gravplass har det også vore dugnad. Der har Magnus og Johnny stått i spissen for å fjerne granhekken som etter kvart var blitt både stor og mør. No ser det langt betre ut, og planen er å sette opp eit fint gjerde rundt på dei tre sidene. I fronten er det stakittgjerde. Klokkestøpulen treng både reparasjon og måling, og vi håpar å få gjort det i løpet av sommaren.



Frå dugnaden ved Mjømna kyrkje.



Dugnadsgjengen i Eivindvik tek ein velfortent kvil på kyrkjetrappa.



Klokketårnet ved Oppedal kyrkjegard.



Ein velvaksen granhekk (over) som no er borte (under)!



Konfirmantane i Mjømna sokn 05.05.19



Dei 5 konfirmantane imponerte med fin musikkframføring!



Foto: Susanne Larsen

Første rad fra venstre: Andrea Hjartholm og Karoline Birgitte Stendal Byrknes.

Midtre rad fra venstre: Suzanna Tilgner, Mariell Børnes og Marta Fonnes Larsen.

Bak: Bjørn Magne Hansen og konfirmantmedhjelpar Maren Daae Eide.

Konfirmantane i Brekke sokn 12.05.19:

(foto øvst på neste side)

Første rad fra venstre: Geir Sørebø, Lotta Rydland Kjelby, Marte Inga Haugland, Cecilie Hop Sundal.

Sandra Bosdal og Maren Daae Eide. Bak fra venstre: Bjørnar Håland, Trond-Atle Oppedal, Nikolai Erik Haugsver Skahjem, Eirik Engeseter og Vemund Østerbø Haugsdal.

Konfirmantane i Gulen sokn 19.05.19:

(foto nedst på neste side)

Første rad fra venstre: Bjørn Magne Hansen, Sigrid Haugejorden, Emma Neverdal, Rakel Alexandra Andersen Nesse, Marthe-Helen Flolid Eide og Maren Daae Eide.

Midtre rad fra venstre: Iselinn Flolid Haveland, Thea Katrin Haveland Kallekleiv, Anna Jobbagy, Emma Karoline Rutledal, Marita Isabel Baldersheim Westervik og Kathe Bruåsdal Haveland.

Bakre rad fra venstre: Tor Fosse, Jarle Leknes, Jørgen Håvåg, Birk Rasch, Elias Kvamme, Kim Daniel Villanger Henriksbø og Arin Hauge Reigstad.

Fasteaksjonen

Konfirmantane deltok i Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon. Det kom inn:

Gulen sokn: Kr. 14.577,00

Mjømna sokn: Kr. 4.467,00

Brekke sokn: Kr. 7.737,00

Tusen takk til bøsseberarar og gjevarar! *Trude*

Konfirmantane i Brekke sokn 12.05.19

Foto: Kjetil Rydland



Konfirmantane i Gulen sokn 19.05.19

Foto: Ivar Rutledal



Minikonfirmantar

Peter Jobbagy og Bjørn Magne Hansen har hatt «Minikonfirmantar» på Dalsøyra i år. Tilbodet var også i Eivindvik, men der var det ikkje deltagarar. Dei hadde to samlingar rett etter skuletid, og ei helg på Alværa. Foreldre stilte opp med pizza, og samlinga inneheoldt både leik og undervisning. På Alværa var dei i lag med born frå Solund, Hyllestad, Høyanger og Balestrand. Og Toril Lange, som mange kjenner frå før, var med som leiar. Her er eit par glimt frå samlinga på Alværa.



Ny altarduk i Brekke

Torunn Instefjord har sydd ny altarduk til kyrkja i Brekke. Duken er i hardangersaum, og mønsteret er mykje nytta. Torunn fekk berre eit bilette å sjå etter, og har likevel klart

det. Det vitnar om at ho har sydd før!



Duken er gåva kyrkja fekk frå Gulen kommune til 150-årsjubileet. Vi er svært glade for at Torunn, som ein lokal handverkar, sa ja til å lage ein ny alterduk. Det gjev ein ekstra verdi til inventaret når det er laga lokalt, synest vi. TUSEN TAKK!

Nytt ved Mjømna kyrkje:

Bord: Det er kjøpt inn eit nytt bord til kyrkjekaffien i kyrkja.

Vasspost: Det er kome ny vasspost framfor kyrkja. Fellesrådet har kjøpt inn, og Kjell Kversøy har montert han. Tusen takk! Vassposten er slik at kanna kan stå på ei rist mens du fyller i vatn. Då blir det ikkje så tungt.

Vassproblem: I vår har vi hatt utspryting av dreneringsrøra på felt B på kyrkjegården. Det er mykje leire i grunnen, og dei små partiklane legg seg og stenger for god drenering. Det

ser ut til at arbeidet har hjelpt, for sjølv i våte mai månad har det vore mykje betre og tørrare på gravene.

Prestesituasjonen er framleis uavklara

Men vi er godt hjelpane med at stabile og dyktige prestar i nærlieken tar arbeid for oss i ein overgangsfase. Bjørn Magne Hansen i Solund vikarerer i Mjømna sokn, og Geir Sørebø har ansvar for Gulen og Brekke sokn. Frå september sluttar òg Tone Marit Dyrkolbotn, for å begynne i Sjømannskyrkja. Då blir situasjonen endå meir utfordrande i våre tre kommunar som samarbeider om prestetenesta. Difor blir vi no spurde om å forlenge prosjektet der vi/kommunane er inne med tilskot som svarar til ei halv stilling, slik at ein kan lyse ut Masfjordprestestillinga som fast og ei heil stilling. Frå Gulen si side er vi positive til det. Det er viktig at prestetenesta er nær og tilgjengeleg, og det har fungert godt. Så vi vil framleis ha ein prest i kvar av kommunane Gulen, Solund og Masfjorden, og eit samarbeid dei imellom.

Kyrkjeverja i Gulen

Kva viss kyrkjeverja blir heiltids-politikar? Det er fylkestingsval, og der står kyrkjeverja i Gulen på førsteplass på ei av listene. Viss det fører til plass i fylkesutvalet, vil det bli behov for permisjon og ny kyrkjeverje i Gulen. Dette kan diverre ikkje bli avklara før valet og forhandlingane er ferdige.

Fram til valet, og særleg i august/september vil kyrkjeverja ta ut ein del fri/permisjon for å drive valkamp.

Kontoret blir derfor ikkje bemanna kvar dag. Vi skal gje kontaktopplysninga til sentralbordet til kommunen, på heimesida og på Facebook.

Kyrkjelydstur til Sørebø

Knapt to timer i bil – til friluftsgudssteneste på heimeplassen til eksprost Geir Sørebø.



Han heldt sjølv gudstenesta, mens den lokale presten, Andreas Ester, var tekstlesar. Musikk med keyboard som var plassert under eit stort tre. Ein kjenning av prosten spelte. Og søster og bror Tveit frå Brekke var dyktige

forsongarar.



Det yra/regna jamt, men folk tok det fint.



Heile gudstenesta hadde Skaparverket og treeininga som tema.

Ei jente hadde plukka treblada planter.
Ho delte ut gauksyre til alle.

Og Sørebø brukte dei ulike blada i preika, i tillegg til nokre biletet/maleri.
Etter gudstenesta var det dekte bord i

«gamlestovene».

Men regnet slutta, så fleire trekte ut til mat og prat og grilling.



Frå tunet etter gudstenesta

Tekst: Tove Rutledal

Foto: Ivar Rutledal

Himlen blåner

Himlen blåner for vårt øye,
jorden grønnes for vår fot.
Bekken risler for vår tørste,
korn og blomst og tre slår rot.

Fugler spiller sine vinger,
barnet pludrer med sin mor.
Lovet være han som skapte
drømmen og det første ord.

*Tekst: Einar Skjæråsen
Norsk Salmebok nr. 296*



Takk for minnegåve

Me i Nyborg skyttarlag vil takke for minnegåva i samband med Knut Ivar Virkesdal sin bortgang. Det kom inn kr. 13.650.

Styret i Nyborg skyttarlag

Takk

Takk for omtanke, helsingar og minnegåver til Kreftforeininga ved vår mor, Agnes Mjånes, sin bortgang. Takk til Gulen sjukeheim for pleie og omsorg i dei åra ho var der.

Inger, Magne og resten av familien

Takk

Takk for blomar, helsingar og omtanke ved Einar Mindor Nordal sin bortgang. Takk til Kjell Virkesdal for flott minnetale.

Helsing Heidi, Linda og Åshild

Ei varm takk

for all omtanke, blomster og deltaking ved Bjarne Dåe sin bortgang, og for minnegåva til Brekke Eldresenter.
Familien.

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

GULEN SOKN:

07.04.19: Anna Prestegaard Midtun.
For.: Una Prestegaard og Rolf-Daniel Midtun.

21.04.19: Jakob Opdal Elde.

For.: Halvor og Mariann O. Elde.

09.06.19: Samuel Halbrend Kvernøy.

For.: Anette H. og Daniel Kvernøy.

MJØMNA SOKN:

22.04.19: Pål Hilmarsen Strømme.

For.: Kristian Hilmarsen Strømme og Stine Mari Hilmarsen. Busette på Tertnes.

22.04.19: Vegard Stokvik Rong.

For.: Camilla Stokvik og Roger Hilmarsen. Busette på Sandsli.

30.05.19: Thomas Wergeland Flaten.

For.: Ida Synnøve Wergeland og Ole Martin Flaten.

Vigde:

MJØMNA SOKN:

11.05.19: Angelica Møgster og Andreas Gåsvær. Busette i Solund.

01.06.19: Pål Kvalevåg og Mathilde Wergeland.

15.06.19: Renate Flatland og Frode Veim Haugland. Busette i Os.

Døde:

MJØMNA SOKN:

28.04.19: Agnes Josefine Mjånes, f. 1921.

12.05.19: Steinar Bøthun Karlson, f. 1953.

23.05.19: Astrid Eldbjørg Fagerbakke, f. 1933.

Retting frå førre nr.:

24.11.18: Karl Harry Glavær, f. 1935.

GULEN SOKN:

10.05.19: Ingeborg Henriksbø, f.1933.

BREKKE SOKN:

15.05.19: Ivar H. Haugland, f. 1939.

Kyrkjekalenderen



07.07., 4. søndag i treeiningstida
Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Eirik Barsnes. Nattverd. Offer: KRIK. Kyrkjekaffi.

14.07., 5. søndag i treeiningstida
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Eirik Barsnes. Nattverd. Offer: Kyrkjelydsarbeid. Kyrkjekaffi.

21.07., Aposteldagen
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Eirik Barsnes. Nattverd. Offer: Acta. Kyrkjekaffi.

28.07.19: Ikkje gudsteneste.

29.07., Olsok
Olsokgudsteneste på Fjon Fjellkyrkje kl. 19.00 v/Tone Marit Dyrkolbotn og Anne Merethe Reknes. Dåp, nattverd og offer.

04.08., 8. søndag i treeiningstida
Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Geir Sørebø. Nattverd. Offer: NMS. Kyrkjekaffi.

11.08., 9. søndag i treeiningstida
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Dåp. Nattverd. Offer: KFUK/KFUM. Kyrkjekaffi.

18.08., 10. søndag i treeiningstida
Gulen kyrkje kl. 11.00. Nattverd. Offer: Haraldsplass samtalesenter. Kyrkjekaffi.

25.08., 11. søndag i treeiningstida
Brekke kyrkje kl. 11.00. Gulenstemna. Nattverd. Offer: Sogn og Fjordane Indremisjon. Kyrkjekaffi.

01.09., 12. søndag i treeiningstida
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Konfirmantpresentasjon. Nattverd. Offer: Kyrkjelydsarbeid. Kyrkjekaffi.

08.09., 13. søndag i treeiningstida
Gulen kyrkje kl. 11.00. Konfirmantpresentasjon. Nattverd. Offer: Kyrkjelydsarbeid. Kyrkjekaffi.

15.09., 14. søndag i treeiningstida
Brekke kyrkje kl. 11.00. Konfirmantpresentasjon + 50-års-konfirmantar. Nattverd. Offer: Kyrkjelydsarbeid. Kyrkjekaffi.

22.09., 15. søndag i treeiningstida
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Nattverd. Offer: Misjonæravtalen. Kyrkjekaffi.

29.09., Mikkelsmesse
Gulen kyrkje kl. 11.00
Nattverd. Offer: Norsk kyrkje i utlandet. Kyrkjekaffi.

NB!! Det kan bli endringar i den oppsette gudstenestelista. Følg med i lokalavisene, på oppslag, på nettsidene til kyrkja og kommunen, og på Facebook.

